

Tiltaksrapport med vurderingar

A:
Kyrkjerådet og bispedømeråda skal legge til rette for at Kyrkjemøtet sine mål og strategiar kjem til bruk i sokna.

Satsingsområde/hovudområde	Resultatmål 2014	Indikatorar	Kritiske suksessfaktorar	Risikovurdering
GUDSTENESTELIV Kyrkja sitt gudstenesteliv skal fornyast slik at det gjev større rom for fleksibilitet og valfridom i kyrkjelydane, meir involvering frå fleire deltakarar og sterkare lokal forankring av gudstenestelivet.	1) Auka gudstenestedeltaking	1) Gjennomsnittleg deltaking pr gudsteneste	Gode lokale gudstenester	Manglande evaluering og fornying av ordning. Gudstenester som ikkje kommuniserer
		1b) Gjennomsnittlig deltaking pr gudsteneste på søn- og heilagdaggar	Gode lokale gudstenester	Manglande evaluering og fornying av ordning
	2) Alle kyrkjelydane har fått godkjent lokal ordning	2) Tal på lokale ordningar godkjent av biskopen	Gjennomført lokal prosess med informasjon om å laga planar	Manglande oppfølging av prost/ bispedømekontor

Tiltak	
<ul style="list-style-type: none"> • 1) Planlegga kurs og fagdagar om forkynning og kommunikasjon i gudstenesta 	Stiftsmøte 2014 hadde tema og seminar på kommunikasjon. To prosti har gjennomført «kunsten å snekre en preken (H&Voss og Sunnhordland). Kurs om markedsføring i Førde og Bergen, med fokus på TOL, men også for å auke medvit om ulike gudstenestetibod lokalt.
<ul style="list-style-type: none"> • 1) og 2): Gjennomføra ny godkjenning av gudstenesteordningar etter att dei er evaluerte i sokneråda. Forbetra skjema 	Ventar på evaluering i regi av Kyrkjerådet
<ul style="list-style-type: none"> • Prostikurs om implementering av forteljartekstar i gudstenesta, (der også menneske med utviklingshemming kan delta), ved å kursa prestar, trusopplærarar og diakonar ute i prostia. 	Vesthordland og Nordhordland prosti

Vurdering:

Dei ulike tiltaka har vore gode, og har fått gode tilbakemeldingar. Når det gjeld å måle verknaden er det for tidleg å sjå dette generelt. Det tenkjer vi at vi må ha lengre tidshorisont på. Det er planlagt tiltak med dette fokuset fram mot 2017, og verknaden i måltal kan i mindre grad koplast tilbake til einskilde tiltak, meir til ein langtidsstrategi. Vi ser likevel at eksempelvis kurs i Marknadsføring får gode tilbakemeldingar, og på resultat lokalt. Då både på auka medvit om det å nå ut med informasjon om alt som skjer. Og då konkret mot auke i deltaking i gudstenester, både med og utan fokus på trusopplæring. Det er ein indikator på at tiltaket kan gje auke i gudstenestedeltaking. Det er samstundes for tidleg å kunne måle nokon reell verknad i generelle tal på auke i gudstenestedeltaking

Satsingsområde/hovudområde	Resultatmål 2014	Indikatorar	Kritiske suksessfaktorar	Risikovurdering
BORN OG UNGE Trusopplæringsreforma skal vidareførast, med sikte på å utvikla eit systematisk og samanhengande trusopplæringstilbod for alle døypte mellom 0 og 18 år	1) Auke utbreiinga av trusopplæringsreforma	1) Andel kyrkjelydar i bispedømet som er tilført trusopplæringsmidlar i 2014	Stortings og kyrkjerådsvedtak	At dei ikkje tar imot pengane
	2) Alle kyrkjelydar med godkjent plan har 315 t trusopplæringstilbod	2) Gjennomsnittlig tal på timar trusopplæringstilbod i kyrkjelydar som har godkjent plan	Tverrfagleg arbeid og involvering av uløna medarbeidarar	Manglande medarbeidarfostring
	3) 80 % av dei døypte deltek i trusopplæringstilboda	3) Gjennomsnittlig deltakarandel ved eit utval trusopplæringstilbod i kyrkjelydar som har godkjent plan	God kommunikasjon med målgruppa	Lite tenking om kommunikasjon
	4) Auke tal på kyrkjelydar som har fått godkjent plan	4) Tal på godkjente planar	Kvalifiserte trusopplærarar	Manglande planskrivingsevne
	5) Skule/barnehage-kyrkjesamarbeid	5) Gjennomsnittleg tal på skule- og barnehagegudstenester (Statistikk 4.C.5 og 6)	Gode lokale planar og godt lokalt samarbeid	Nedprioritering av samarbeidet

Tiltak	Gjennomføring
Innføring av trusopplæringsreforma i nye prosti: Vesthordland, Domprostiet, Arna og Åsane	Innføringskurs, heildag, for prostia på dagtid. Tre dagar. For alle tilsette. Innføringskurs a 3,5 timar på kveldstid for stab/sokneråd og frivillige, ca. 20 einingar.
Førkonferansekveld trusopplæringskonferansen	Nærare 60 stk tilstades. Magne Lerø om omdømme/sjølvsforståing og Maicon Steuernagel om Den norske kyrkja/folkesjela sett med utanforblikk. Viktig samling på tvers av yrkesgrupper.

Møte med mentorer (IKO)	I Oslo 11. mars. Oppdatering om utviklinga av reforma. Fellessamling for mentorar i Bjørgvin. Informasjonsutveksling.
Kurs for 1-6 år i samarbeid med IKO	Åsane 18.-19.09. Rundt 40 til stades, svært gode tilbakemeldingar. Matnyttig for planarbeid og praktisk gjennomføring av trusopplæring.
Grunnkurs i trusopplæring i samarbeid med NLA	13.02. God fagdag i samarbeid med NLA. Trusopplærarane blir kjent med fagmiljøet og NLA-studentane på praktisk teologi og leiing.
3) Kursdager om bruk av media for å auke deltakinga	Dagskurs i Førde 24.09, og to dagar i Bergen 01.-02.10 med Himmelhøyt. Svært gode tilbakemeldingar i evalueringane.
3) To pilotsokn med kommunikasjonsplan	Bønes og Øygarden var pilotar våren 2014. Gode tilbakemeldingar og mange medieoppslag som resultat. Omtala i boka: «En mer synlig kirke» av Oddbjørg Aasen Bjørdal, IKO, 2015.
Konfirmantforum med utgangspunkt i konfirmantopplegget i Ytrebygda for både «normalfungerande» og utviklingshemma	Tiltaket er på vent pga. mange kurstilbod elles, og skifte av tilsette.
Planlegga kursdag om skule/barnehagesamarbeid	Dette er eit stort prosjekt ein har gjennomført tidlegare år, men som ein ikkje har hatt kapasitet til dei seinare år.

Vurdering:

Alle einingar får no midlar, men ikkje alle nyttar dei fullt ut – vanlegvis pga vakansar eller fordi ein ikkje har fått tilsett personale enda. Timetalet går litt ned i snitt i dei godkjente planane ettersom fleire (og tidvis små) sokn kjem med. I årsrapportsamtalar og anna snakkar vi om korleis vi kan gjere trusopplæring meir «effektivt». Arbeidet no vil truleg gje frukter om eit til to år. Deltakartala aukar ved at fleire kyrkjelydar startar fleire tiltak, men vi ser at i sentrale strok er tala på oppmøte dårlegare enn i grisgrendte strok. Ein ser også at det tar tid å innarbeide tiltak, men også at det kan vere slitasje i stabar og blant frivilljuge der ein har stått på i fleire år – og at oppmøtetalet difor kan gå ned. Det er store lokale variasjonar i oppmøtepresentar, men ein ser at dei tradisjonelle breddetiltaka har størst suksess (4.-årsbok, konfirmasjon), og at nyare breddetiltak som LysVaken og Tårnagenthelg har fått god utbreiing mange stader. Kvaliteten på innleverte planar aukar år for år, og kyrkjelydane har fått godkjent sine planar. For skule/barnehage-kyrkjesamarbeidet ser ein at det er svært sårbart ved skifte av personale i kyrkja (prest/kateket/trusopplæringsmedarbeidar) eller ved leiarskifter/skifte av kontaktperson i skule/barnehage. Stader med stabilitet i stab har over tid bygt opp svært godt arbeid der ein har «funne ut av det» og bygt opp tillit. Tilliten vert årleg utfordra før jul av aksjonar frå Humanetisk forbund. Aksjonane skaper uro, og gjer partane i samarbeidet forsiktige og tidvis redde for å trø feil.

Vi har fått tilbakemelding frå nye tilsette i trusopplæringa som er positivt overraska over kvaliteten på kursa og samlingane vi arrangerer. Det er personar med lærarbakgrunn som har delteke på fleire arrangement vi har hatt for å utruste dei til arbeidet med reforma (sjå tiltakslista over). Vi kjenner til kva

som rører seg blant dei tilsette og formar kurs og samlingar ut frå det. Utfordringa er å få folket til å innsjå at samlingane er viktige nok til at dei kan nytte tid og eventuelt pengar på det.

	D.samt	4 års	6 års	Tårn	LysV	Konf	Ekonf	TOT
Døpte i målgruppe	1792	2600	2533	2922	2091	2891	1627	16456
Deltakere	1816	1571	1007	872	710	2703	456	9135
Prosent	101 %	60 %	40 %	30 %	34 %	93 %	28 %	56 %

Skule kyrkje

I plan-rettleiinga og i alle innføringskurs har det verta halde fram kor viktig eit godt skule-barnehage og kyrkje samarbeid er. Sjølv om det ikkje kan verta telja timar på dette i planen, er det ein viktig side ved kyrkjelyden sitt arbeid at dei kan dokumentera eit godt skule-kyrkje arbeid som vedlegg til planane.

Eit døme frå Birkeland kyrkjelyd i Bergen :

På disse trinnvise møtepunktene har ca 1020 elever – fordelt på 38 klasser

vært i kontakt med kirken i løpet av 2014. (28 besøk i kirken / 21 besøk på skolene)

Satsingsområde/hovudområde	Resultatmål 2014	Indikatorar	Kritiske suksessfaktorar	Risikovurdering
UNGDOM Leggja til rette for å gje unge ansvar og kjensla av å høyra til, og gje rom for unges kultur, engasjement og kreativitet samstundes som ein gjev oppfølging og utfordring til teneste i kyrkja.	1) Kyrkjelydane sine tiltak for born og unge	Gjennomsnittleg tal på tiltak for born og unge (Statistikk 6 A, B og C)	Trusopplæringa sine breiddetiltak fører over i kontinuerlege tiltak	Sektortenkning og svekka rekruttering til kyrkjeleg teneste
	1b) Ungdomsarbeidet aukar etter Ungdomsåret 2013	Gjennomsnittleg tal på tiltak for ungdom (Statistikk 6 B og C)	Ungdom vert prioritert	Ungdoms vert ikkje integrert i kyrkjelyden
	2) Ungdomsdemokrati	Tal på deltakarar på Ungdomsting	God informasjon om Ungdomstinget	Informasjonen når ikkje fram til ungdom

Tiltak	Ansvarleg	Tidsplan
<ul style="list-style-type: none"> Fortsatt fokus på samarbeid med ungdomsorganisasjonane og prioritering på ungdomstiltak ved OVF tildelingane 	Kyrkjefagavdelinga	Godt lokalt samarbeid med organisasjonane, Acta Loved, konfirmanttreff i Etne med over 400 deltakarar, KFUK-KFUM har mange arrangement, God lokalt samarbeid med NLM og IMF, spesielt i høve til leirstadar. «Freedom of belief int». i sept. var eit samarbeid med ungdomsorg om misjon. OVF gav støtte til mange gode tiltak for ungdom
<ul style="list-style-type: none"> Samarbeid rundt Ungdomskatedralen St Jakob, særleg på konfirmanttiltak, TOL tiltak og Ungdomsdemokratiet 	Trusopplæringsrådgjevar Stiftsdirektøren	Bispedømet representert i styringsgruppa.
<ul style="list-style-type: none"> Starte planlegging av Ungdomsleiarkonferanse i 2015 på NLA 	Trusopplæringsrådgjevar	Rådgjevarane tungt inne i tema, planlegging og seminarar
<ul style="list-style-type: none"> Ungdomsvandring i Sunnivaieia. (planlagd i 2013 vil prøva igjen i 2014.) 	Kulturrådgjevar og Knut Magne Nesse	Eiga vandring for kyrkjeleg tilsette, Planlegging Selje 5-7 juni 2015
<ul style="list-style-type: none"> Oppmode kyrkjelydar til å starta bibelgrupper for ungdom med utgangspunkt i U2013 testamente og studieheftet OPP-NED 	Rådgjevar for trusopplæring, kommunikasjonsrådgjevar	Fokus på stiftsmøte og alle innføringskurs trusopplæring Mange bøker solgt, nynorsk utsolgt hos forlaget
<ul style="list-style-type: none"> Teste ut ny modell for oppfølging av Ungdomsrådet, ved tverrfagleg samspel med avdeling for Kyrkjefag 	Stiftsdirektør/avdelingsleiar	Rådgjevar inne i dialog med UR, Ungdomsting vedtaka vore handsama på kyrkjefagmøter
<ul style="list-style-type: none"> Ungdomsting for heile bispedømet - Ungdomskatedralen St. Jakob, Bergen, 21.-23. mars 	Ungdomsrådet og prosjektprest i St. Jakob	21.-23.mars, Vellukka med over 40 deltagarar (dobling av antal)
<ul style="list-style-type: none"> Vidareutvikle www.ungibjorgvin.no Synleggjera ungdomstiltak på ungdomskalendaren og gjere denne sida brukande for alle som er engasjerte i kristent ungdomsarbeid i Bjørgvin bispedøme 	Rådgjevar for ungdom, kommunikasjonsrådgjevar, Ungdomsrådet	Har ikkje vore prioritert

VURDERING

- Ein kan lesa i årsmeldingane til prostane att det er eit godt fokus på ungdomsarbeid i prostia etter ungdomsåret. I Arna/Åsane har dei t.d starta eit prosti-tiltak 15-18 : THG (Thank God it is Friday) Eit månedleg arrangement som går på omgang blant kyrkjelydane. Bispedømet satsing på Ung Katedral i St.Jakob i Bergen har byrja bera frukter. Dei har vore senter for MILK frå 3 kyrkjelydar (året etter konfirmasjon) Etablering av St.Jakob + kvar søndag kveld, med over 50

deltagarar på gudstjeneste (18 +). Det er også mange gode døme andre stadar i andre prosti. Bømlo og Voss har landets 2 største ten sing grupper (Over 100 medlemmar i kvar) Stor konfirmantfestival i Sunnhordland (KFUK-KFUM), Vellykka Konfirmantleir i førpåskan i Etne (Acta) Samstundes melder nesten alle kyrkjelydane på årssamtale for trusopplæring, at gode breddetiltak for 15-18 åringane er vanskeleg å få til.

- 2) Ungdområdet har hatt 5 møter. Dei har vore representert på Ungdomens kyrkjemøte Stavern 2014. Dei har arbeid med sakar frå Ungdomstinget og sakar frå UKM. Kyrkjefagavdelinga har gått gjennom sakane frå Ungdomstinge og fylgt opp på denne måten. Ungdomstinget hadde i 2014 ei auke på 100 % (Frå 20 til 40 deltakarar) Det kan vera ei frukt frå Ungdomsåret og satsinga på Ung Katedral i St. Jakob. Ungdområdet har berre hatt eit møte med Bispedømerådet. Bispedømerådet har ikkje kome med egne sakar til ungdområdet. Det er eit ynskje i ungdområdet at ungdom på lokalt nivå kan bli meir delaktig i planlegginga av t.d gudstenastane

Satsingsområde/hovudområde	Resultatmål 2014	Indikatorar	Kritiske suksessfaktorar	Risikovurdering
DIAKONI Legge til rette for å styrke kyrkjelydane som diakonale fellesskap, fremja alternativ til forbrukersamfunnets idealer, bidra til bærekraftig forvaltning av skaperverket, kjempa mot det som truer menneskelivet, helse og menneskeverd og integrere fleirkulturelt og internasjonalt perspektiv og engasjement.	1) Auka talet på diakoner	1) Andel sokn som har diakonal betening	Tilførsel av stillingsmidler,	Mangel på lokale midlar
	2) Auka talet på kyrkjelydar som har vedtatt lokal diakoniplan	2) Andel sokn som har vedtatt lokal plan	Kyrkjelydar må planlegga diakonien og senda inn diakoniplaner	Manglande innsending av planar.

Tiltak	Ansvarleg	Tidsplan
• 4 fagdagar (inkl.stiftsmøte)	Rådgjevar for diakoni og fagdagskomite	2014 OK
• Ein av fagdagane for diakonar: Fellesmøte mellom grøne prostikontaktar og diakonar.	Rådgjevar for diakoni og rådgjevar for miljø og forbruk	Utsett til febr. 2015

<ul style="list-style-type: none"> • Utarbeida nytt planleggings-, tilbakemeldings- og evalueringsskjema for kyrkjelydane sine diakoniplanar 	Rådgjevar for diakoni og diakoniutval	2014 I arbeid
<ul style="list-style-type: none"> • Bidra opp i mot nettverket «Diakoni i Bergen/ Bjørgvin»: eit fagleg nettverk sett saman av kyrkjelydar, diakonale institusjonar, lag og einingar i Bjørgvin bispedømme for å styrke diakonien i bispedømmet. 	Rådgjevar for diakoni	14. febr To halvårlege frokostmøte og ein konferanse i haust.
<ul style="list-style-type: none"> • Samarbeid med sjukehusprestane på Haukeland og Haraldsplass sjukehus og Bergen kyrkjelege fellesråd for å få realisert Samhandlingsreforma og Rett til tru-prinsippet m.a. gjennom å arbeide fram nye institusjonsdiakonstillingar. 	Rådgjevar for diakoni	Ligg i Bergen kommune.
<ul style="list-style-type: none"> • Følgje opp grøne kontaktpersonar frå kvart prosti med relevante samlingar og påfyll. • «Grønt» fagfokus i deler av stiftsmøtet, knytt til disippel tema 	Rådgjevar for miljø og forbruk og ressursgruppa for miljø og rettferd	Møte med prostikontaktane i oktober
<ul style="list-style-type: none"> • Utvikla betre strategi for rettleiing i konfirmantarbeidet • Heilskapsplanlegging i to kyrkjelydar • Utvikla strategi for meir samarbeid internt for å nå fleire grupper ute i forhold til rett til tru prinsippa. 	Rådgjevar arbeid for utviklingshemma	Pkt. 1 i arbeid. Mogleg samhandlingsseminar våren 2015 i samarbeid med fylkesmannen.

Tiltak	
<ul style="list-style-type: none"> • 4 fagdagar (inkl.stiftsmøte) 	<p>Gjennomført etter planen.</p> <p>Fagdag 1 - 17. februar: «« . . kva er da eit menneske?» Om menneskeverdet og retten til livet. Med Liv Skjeggstad frå organisasjonen «Menneskeverd»</p> <p>Fagdag 2 – 28. april: årleg møte mellom biskop i Bjørgvin Halvor Nordhaug og diakonar/ diakoniarbeidarar i Bjørgvin</p> <p>Fagdag 3 – 4. september: «Sett undertrykte fri . Om Den norske kyrkja, diakonien og menneskerettane» med Jan-Eivind Viumdal, kommunikasjons- og markedsjef i Stefanusalliansen.</p> <p>Fagdag 4 – 20. november: slått saman med «Bjørgvin diakonikonferanse: Verdighet – det ukrenkelige og det uerstattelige»</p>
<ul style="list-style-type: none"> • Ein av fagdagane for diakonar: Fellesmøte mellom grøne prostikontaktar og diakonar. 	Utsett til 16 februar 2015. Gjennomført med svært godt resultat.

<ul style="list-style-type: none"> • Utarbeida nytt planleggings-, tilbakemeldings- og evalueringsskjema for kyrkjelydane sine diakoniplanar 	<p>Gjennomført etter planen. Noko teknisk bearbeiding står att.</p>
<ul style="list-style-type: none"> • Bidra opp i mot nettverket «Diakoni i Bergen/ Bjørgvin»: eit fagleg nettverk sett saman av kyrkjelydar, diakonale institusjonar, lag og einingar i Bjørgvin bispedømme for å styrke diakonien i bispedømmet. 	<p>Diakonirådgjever har bidratt opp i mot tre frukostmøter på Haraldsplass og «Bjørgvin diakonikonferanse: «Verdighet – det ukrenkelige og det uerstattelige»</p> <p>Gjest frukostmøter:</p> <ul style="list-style-type: none"> • 14. februar: Stortingspolitikar Kjersti Toppe (SP). Tema: «Diakonien sin plass i fremtidens Velferds-Norge» • 15.mai: Magne Supphellen, professor NHH. Tema: «Hvordan bygge en sterk diakonal merkevare» • 26. september: Bård Sandal, Regionaldirektør for regional utvikling, Hordaland fylkeskommune. Tema: «Hva består regionalplan for folkehelse i? Hvilken rolle har de diakonale organisasjoner, foreninger, stiftelser og menigheter i fylkeskommunens satsning på regionalt folkehelsearbeid?» <p>Gjestar «Bjørgvin diakonikonferanse»:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Kjell Nordstokke, dr. theol. Tema: «Verdighet – i lys av diakonien og teologien» • Gry Stålsett, dr. psychol. : «Krenkelsens dynamikk - fra skam til verdighet» • Geir Jørgen Bekkevold, stortingspolitiker (KrF), familie- og kulturkomiteen: «Menneskeverd og politikk» • Margreth Olin, filmskapar og dokumentarist: «Fortellinger om verdighet»
<ul style="list-style-type: none"> • Samarbeid med sjukehusprestane på Haukeland og Haraldsplass sjukehus og Bergen kyrkjelege fellesråd for å få realisert Samhandlingsreforma og Rett til tru-prinsippet m.a. gjennom å arbeide fram nye institusjonsdiakonstillingar. 	<p>Det har vore gjennomført møter med Bergen kommune. «Ballen» ligg nå hos Bergen kommune.</p>
<ul style="list-style-type: none"> • Følgje opp grøne kontaktpersonar frå kvart prosti med relevante samlingar og påfyll. • «Grønt» fagfokus i deler av stiftsmøtet, knytt til disippel tema 	<p>Dei grøne prostikontaktane har ikkje vore fulgd opp i 2014 grunna skifte i rådgjevarstillinga. Men det vart gjennomført felles fagdag om det grøne måndag 16. februar 2015 med fokus på Klimapilegrim 2015, Skaparverkets dag og Grøne kyrkjelydar .</p> <p>Tilstades: grøne prostikontaktar, diakonar/ diakoniarbeidarar, Kirkens Nødhjelp sine distriktskontakter, ressursgruppa for miljø og rettferd. Prostar og styret for Samarbeid Menighet og Misjon i Bjørgvin (SMM) var og inviterte men dei kom ikkje.</p> <p>Gjestar:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Tom Sverre Tomren, dr. theol og sokneprest • Janne Dale Hauger, rådgjevar Kyrkjerådet – Nord/Sør informasjon • Idun Moe, rådgjevar Kyrkjerådet – Klimapilegrim 2015
<ul style="list-style-type: none"> • Utvikla betre strategi for rettleiing i konfirmantarbeidet 	<p>Rådgjevar arbeid for utviklingshemma Pkt. 1 i arbeid.</p>

<ul style="list-style-type: none"> • Heilskapsplanlegging i to kyrkjelydar • Utvikla strategi for meir samarbeid internt for å nå fleire grupper ute i forhold til rett til tru prinsippa. 	<p>Mogleg samhandlingsseminar våren 2015 i samarbeid med fylkesmannen. 1520 Integreiring</p>
--	--

VURDERING

Om vi måler aktivitetane opp i mot styringsparameter, resultatmål og indikatorar, har 2014 vore eit godt år for Bjørgvin bispedøme. Særleg har det vore arbeid aktivt med måla om helse og menneskeverd og det å integrere fleirkulturelt og internasjonalt perspektiv og engasjement i kyrkjelydane.

Talet på diakonar har hatt ei lita auke (2 stk.) medan 2 nye diakoniplanar er godkjende. Talet på kyrkjelyder med diakonalt betening er og auka i og med tilsetting av to nye diakonar i to 100 % stillingar. Bjørgvin bispedøme har samstundes mykje å gå på. Av 32 diakonar og diakoniarbeidarar er berre 17 omfatta av statlege tilskot. Det kan vere krevjande for dei fellesråda som ikkje har statleg tilskot å oppretthalda desse stillingane då dei er avhengig av velvilje frå kommunar, private gjevarar og andre.

Talet på kyrkjelydar med godkjente diakoniplanar er ifølge tal frå SSB halverte: frå 70 til om lag 35. Årsaka til denne nedgangen er ukjend. Nokre forklaringar kan vere at kyrkjelydane har hatt diakoniplanar som er blitt så gamle at dei må fornyast, og at arbeidet med nye diakoniplanar er lagt på vent med tanke på det komande kyrkjevalet. Det kan og vere at kyrkjelydane er blitt gjort merksame på at dei skal ha ein plan, og at det gjennom dette arbeidet er gjort klart at dei ikkje har ein plan. Det interessante er at antall godkjende diakoniplanar er nesten identisk med talet på diakonar/ diakoniarbeidarar i Bjørgvin bispedøme. Kan dette tyde på at berre dei kyrkjelydane som har profesjonelle diakonar prioriterar å få diakoniplanar. Kva då med alle dei andre 155 kyrkjelydane i Bjørgvin bispedøme som ha har sokneprester som og skal ivareta dette arbeidet. Ein sokneprest sa det rett ut: «Arbeidet med diakoniplanar kjem langt ned på lista, om det kjem på lista mi over oppgåver i det heile – eg prioriterar trusopplæringa!». Utfordringa til Bjørgin bispedøme er klar: arbeidet med diakoniplanar må intensiverast.

Eit positivt forhold og eit særst godt grep for å legge til rette for å styrke kyrkjelydane som diakonale fellesskap, kjempa mot det som truer menneskelivet, og fokusere på helse og menneskeverd har vore nyskapinga «Diakoni i Bjørgvin». Dette økumeniske og ikkje-formelle nettverket bind saman kyrkjelyder og diakonale insitusjonar, lag og foreningar på tvers. Frukostmøtene bidreg på ein god måte i dette arbeidet. Samstundes vart «Bjørgvin diakonikonferanse» den møtestaden for tru, fag og personleg kveikj arrangørane håpte på. Tilbakemeldingane var eintydige: dette må gjentakast. Det er håp om å arrangere konferansen annankvart år.

Ei anna god oppleving som tyder på at møter «på tvers» er ein god ting, var den grønne fagdagen om diakoni som skule vore arrangert i 2014, men som vart arrangert 16. februar 2015 på Søsterstuene, Haraldsplass. Fokus var Klimapilegrim 2015, Skaparverkets dag og Grøne kyrkjelydar. Tilstades var grønne prostikontaktar, diakonar/ diakoniarbeidarar, Kirkens Nødhjelp sine distriktskontakter, ressursgruppa for miljø og rettferd. Prostar og styret for Samarbeid Menighet og Misjon i Bjørgvin (SMM) var og inviterte men dei kom ikkje. Tilbakemeldingane på denne dagen var og svært positive. Og det slår oss: dager som bidreg til å løfte blikket og fokuserer på kvifor vi er kyrkje, ser ut til få gode tilbakemeldingar. Så også med misjons- og diakoniturneen «La livet vinne». (meir om den i kapitlet om misjon).

Satsingsområde/hovudområde	Resultatmål 2014	Indikatorer	Kritiske suksessfaktorar	Risikovurdering
KULTUR OG KYRKJEMUSIKK Kyrkja skal vidareutvikle og styrkje si rolle som kulturformidlar, ved å satse på breidde, kvalitet og samspel mellom amatørar og profesjonelle aktørar	1) Auke statleg og kommunal finansiering av kultur i kyrkjene og/eller i regi av sokneråd og bispedømeråd	1) Tal på kulturprosjekt med offentleg tilskot	Kjem	
	1b) Auke privat finansiering av kultur i kyrkjene og/eller i regi av sokneråd og bispedømeråd	1) Tal på kulturprosjekt med privat tilskot	Kjem	
	2) Auke samarbeidet mellom kyrkja og kultursektoren	2) Tal på nye samarbeidstiltak siste år.	Kjem	
	3) Auke kyrkjeleg kulturkompetanse	3) Tal på tiltak og/eller deltakarar på kompetansehevande tiltak i bispedømet	4 tiltak 63 deltakar	

Tiltak	Gjennomføring
To kurs om kultur med vekt på søknadsprosessar (entreprenørverkstad og søknadskrivekurs)	Spesialutvikla kurs/verkstad i Publikumsutvikling for kyrkja (strategi, program, økonomi, PR). Gjennomført fyrste gong under Fagdagar for kyrkjemusikarar 29. oktober.
Lansering av Kystpilegrimsleia frå Stavanger til Nidaros	24. – 28. juli vart Kystpilegrimsleia lansert ved ein tur med hurtigruteskipet Nordstjernen. Både Riksantikvar, fem fylke og fire bispedømer var med på å sikra ei god forankring for det vidare arbeidet ved formelle seremoniar på tolv utvalde pilegrimsmål undervegs. Sjå kystpilegrimsleia.no

Bidra til aktivitet i samband med Grunnlovsjubiléet 2014	5. juni - Hospitalprest Welhavens tale: Ein rekonstruksjon av takke- og bønefest i St. Jørgen kirke anno 1814 Musikk, teater, formidling av forskning og kyrkjesoge. Kaffi og bakverk. Gratis. Bymuseet i Bergen, Bergen domkirke menighet, Bergenhus og Årstad kulturkontor og Bjørgvin bispedøme. 160 publikummarar.
Oppfølging av investeringane i Sunnivareisa. Festspelpilot 2013	Bispedømet bidrar i prosessane kring etablering av kloster- og pilegrimssenter i Selje – Stiftelsen St. Sunniva – Selja – Stad. Pådrivar i Prosjekt Kystpilegrimsleia 2014-2106 som skal løfte frå eigenarten ved kulturhistorie, kyrkjehistorie og kristentru langs kysten.
Fellesmøte for kulturrådgjevarar på landsplan, i Bergen, 29-30.1.	Med utgangspunkt i Bergen Domkirke Menighet sine satsingar: Barnas Katedral og Ung Katedral, samtale om «muligheter og utfordringer ved overtallige kirker». Informasjons- og erfaringsutveksling.
Fagdagar for kyrkjemusikarar 29. – 30. oktober 2014	Eit samarbeid med kyrkjemusikkfestivalen Bergen Kirkeautunnale. Verkstadane Salmespel, Publikumsutvikling og Rytmask Gudsteneste – kva er moegeleg. Litteraturhus-debatt: Den musiske kyrkja. Korleis forvaltar vi skattane? Konsertar og tidebøner.
Auka kyrkjeleg kulturkompetanse ved ein fagdag for utanlandske organistar i norsk kultur	Spesialsnekra verkstad under Stiftsdagane i Ulvik 3. september: Hjelp eg er blitt trusopplærar ? Nye trusopplæringsalmar. Eigen fagdag 4. september med hovedmålgruppe utenlandske kantorar: Introduksjon, gjennomgang og samtale om nye salmar og alternative liturgiar.
Vurdere modellar for å styrkje rådgjeving på fagområdet kyrkjemusikk, eventuelt i samarbeid med BKF og KVL	Påbegynt samtalar mellom Bjørgvin kyrkjemusikkutval, kyrkjevevjerlaget og Griegakademiet, institutt for musikk, UiB. Ikkje konkludert.

Vurdering:

Bispedømet sin kulturrådgjevar fungerer som ein kyrkjekulturell fødselshjelpar og koplør, og har størst glede av å sjå at kyrkja sine kulturarbeidarar, både profesjonelle og frivillige, blir meir kompetente og trygge i si rolle som attraktive medspelarar i det kyrkjelege arbeidsfellesskapet og i det generelle kulturelle landskapet i samfunnet. Dei gjennomførte tiltaka i 2014 har hatt ulike målgrupper:

1. Intern:

Styrke kantorane – spesielt dei utanlandske, i si rolle som musikalsk leiør i soknet, aktive bidragsytarar inn i t.d. trusopplæringsarbeidet og effektive og kloke kulturprodusentar lokalt.

Bevisstgjere kulturrådgjevarane når det gjeld deira sentrale rolle som forvaltarar av kyrkjelege skattar og kyrkjelydsbyggjarar, på lik linje med t.d. trusopplærarar.

2. Ekstern:

Kyrkje og samfunn: Trekkje inn både kyrkevevjer, prostar og sokneråd i utviklingsarbeidet rundt Kystpilegrimsleia – som er eit flott døme på synleggjering av korleis ressursane i sokna langs kysten no blir attraktive samarbeidspartnarar for både reiseliv, næringsliv og kultur og saman vil utgjere lappeteppet Kystpilegrimsleia. Grunnlovsjubileumsmarkeringa – Welhavens tale, var eit lite, men vellykka prosjekt der partane frå museum, kyrke og kommune, alle gav av sitt beste for å synleggjera verdiane i arven frå Eidsvoll.

Det har vore vanskeleg å finne tidspunkt der kantorane kan prioritera Fagdagar for kyrkjemusikk. Det var ikkje fleire en 11 på desse i 2014, - og det er for lite. Grunna svak økonomi i kommunane, som er deira arbeidsgjevar, er det vanskelege for kantorane å kunne ta fri. Bispedømet søker etter eit grep der kyrkjevevane kjøper kompetanseheving hos oss og så sjølve tek ansvar for på påmeldinga. Endå enklare hadde det vore om alle kyrkjelege tilsette hadde same arbeidsgjevar. Vi har viktige arbeidsoppgåver framfor oss når det gjeld rekruttering til kantoryrket. Det vil krevje tiltak innan talentutvikling, utvikling av relevante studietilbod og auka tilgang til praksisplassar i kyrkjene. Vi må også sette inn tiltak for å auke talet på sokn som har vedtatt Plan for kyrkjemusikk.

Bispedømerådet har sendt høringsfråsegn til Hordaland fylkeskommune sin [Regionale kulturplan](#) og medverka til at kyrkja blir ein tydeleg aktør på felte Kulturminnevern og Museum og blir teke med på råd når det gjeld tilgjenge til regionale kulturbygg og utprøving av sambygging/samdrift for kyrkje/kultur- og idrettsarenaer.

For framtida er det viktig at årsstatistikken for Den norske kyrkja må innehalde spørsmål som effektivt synleggjer om ein har nådd målet om å vidareutvikle og styrkje si rolle som kulturformidlar, ved å satse på breidde, kvalitet og samspel mellom amatørar og profesjonelle aktørar. Slik er det ikkje no.

Satsingsområde/hovudområde	Resultatmål 2014	Indikatorar	Kritiske suksessfaktorar	Risikovurdering
MISJON OG KYRKJELYDSBYGGING Leggja til rette for å verkeleggjera Kyrkjemøtet sin visjon om å vera ei misjonerande kyrkje ved å vitna om Jesus Kristus lokalt og globalt saman med den verdsvide kyrkja	1) Styrka kyrkjelydane sitt misjonsengasjement	Talet på misjonsavtalar mellom kyrkjelydar og misjonsorganisasjonar.	Kunnskap om kva misjon er og kva det inneber å inngå ein misjonsavtale	Manglende kunnskap om kva det inneber å inngå ein misjonsavtale.

Tiltak	
<ul style="list-style-type: none"> Gjennomføre prostiturene om misjon og diakoni: «La livet vinne - om misjon og diakoni i en ny tid» 	Gjennomført etter planen. Gjennomført som eit samarbeid mellom rådgjevar for misjon, SMM-Bjergvin og Kirkens Nødhjelp i Bjergvin, Mellomkyrkjeleg Råd, nasjonale SMM-organisasjonar og Kirkens Nødhjelp nasjonalt. Dei to siste prostia blei vitja januar 2015 (Sogn og Hardanger-Voss prosti)
- Auke talet på kyrkjelyder som har forpliktande misjonsavtalar ved å informere sokneråd om ordninga med misjonsavtaler	Gjennomført etter planen. Informasjonen om misjonsavtalar var ein del av opplegget på misjons- og diakonmiturneen «La livet vinne»

